



## Skjåk kommune Plan, samfunn og miljø

Statens vegvesen Region Øst  
Postboks 1010  
2605 Lillehammer

Att. Gunnar Haugen

### Delegert vedtak

Vår ref  
2013/23/34/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Tor Taraldsrud  
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato  
26.02.2013

### Saka gjeld: Skilting til informasjonsportalen på Dønfoss frå riksveg 15 - Statens vegvesen Region Øst

#### Saksopplysning:

Statens vegvesen og Skjåk kommune har diskutert diverse problemstillingar rundt skilting ved Dønfoss i Skjåk. Dønfoss er eit knutepunkt lokalt. Her kryssar riksveg 15 Ottaelva og på nordsida av Dønfoss bru tek det av fylkesveg til Jøingslia og vidare til Bismo. På sørsida av brua tek det av fylkesveg inn Ostradalen til Bråtågrenda. Vidare er det bomveg til Sota seter og Mysubytta. Frå Sota til Mysubytta er det privat bomveg som går i Mysubytta landskapsvernområde. Ved Sota seter er det lagt til rette med informasjonspunkt for Breheimen verneområde.

Langs Rv 15 i Skjåk ved Billingen eksisterer det allereie eit skilt om Reinheimen nasjonalpark. Dette ligg 19 km nordvest for Dønfoss. Statens vegvesen har signalisert at dei er skeptiske til fleire skilt til same nasjonalpark i same kommune.



Statens vegvesen Region Øst v/ Gunnar Haugen kom hausten 2012 med forslag til skilting ved Dønfoss, teksta er referert under: Forslaget vart behandla av Nasjonalparkstyret for Breheimen 20.02.13. Sekretariatet deira har teikna ut forslaget slik det har vore tenkt:

#### Forvarsel servicetilbud

Blått serviceskilt 600 med symbol for naturfredet område, informasjon og tekst «Breiheimen» (+ ev Reinheimen)? Avstandsangivelse 1 km



#### Postadresse

2690 Skjåk  
E-post: post@skjaak.kommune.no

#### Heimeside

www.skjaak.kommune.no

#### Telefon

61217000

#### Telefaks

61217001

#### Bank

2085.07.40004

#### Org.nr

961381096

**Forvarsel vegvisningsskilt**

Tabellorienteringstavle 701.1 gul med tekst «Bråtå»

Tabellorienteringstavle 701.1 kvit med symbol 765 bomveg og tekst «Sota seter»

Tabellorienteringstavle 701.1 brun med symbol 640.39 naturfredet område og tekst «Breheimen XX»

**Vegvisning x fv til Bråtå**

Vegviser 713 gul med tekst «Bråtå 9»

Vegviser 713 kvit med symbol 765 bomveg og tekst «Sota seter 27»

Vegviser 713 kvit med symbol for naturfredet område og informasjon

Vegviser 713 brun med symbol 640.39 naturfredet område og tekst «Breheimen XX»

**Vurdering:**

Skjåk kommune er forvaltningsmynde for Reinheimen nasjonalpark innan Skjåk kommune. Vi ynskjer at det og blir skilta til Reinheimen ved Dønfoss sidan informasjonsportalen informerer om både Reinheimen og Breheimen nasjonalpark. Sjølv om det i Skjåk allereie eksisterer eit skilt til Reinheimen meiner vi det blir noko anna å skilte til ein informasjonsportal som formidlar kunnskap om nasjonalparken.

I tillegg til dei skilta som er nemnt over er det truleg hensiktsmessig å skilte inn frå FV15. Det er ikkje sikkert alle forstår at informasjonsportalen kjem så raskt etter krysset.

**Vedtak:**

Skjåk kommune ynskjer at det og blir skilta til Reinheimen ved Dønfoss og ynskjer og at det blir skilta inn frå FV15 til informasjonsportalen.

Skjåk kommune er elles einig i forslaget frå Statens vegvesen Region Øst.

Med helsing

Tor Taraldsrud  
Miljøvernkonsulent